

BESTILLINGSDOKUMENT FOR FORVALTNINGSREVISJON

TIL: Deloitte AS

FRÅ: Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Prosjektnamn

Forvaltningsrevisjon – Arkiv og offentlegheit

Bakgrunn

Bakgrunnen for forvaltningsrevisjonsprosjektet er plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020, som vart vedteken av fylkestinget 18. oktober 2016 i FT-sak 41/16. Dette er prosjekt nr. 1 i planen.

Formål

Formålet med forvaltningsrevisjonen er å få vurdert fylkeskommunen sine rutinar for offentlegheit og innsyn. Utvalet har også som formål å få vurdert system og rutinar for arkivering og journalføring i høve til gjeldande lover og regler.

Kontrollutvalet vil sjå nærare på dei utfordringane som kom fram i arbeidet med overordna analyse. I plan for forvaltningsrevisjon står det følgjande:

Forvaltningsrevisjon av arkiv og offentlegheit

- *Rutinar for offentlegheit og innsyn*
- *System og rutinar for journalføring*
- *Regeletterleving*

Forslag til problemstillingar

1. I kva grad har fylkeskommune utarbeidd prosedyrar og rutinar som gjeld for arkivering, journalføring og tilgjengeleggjering av ulike korrespondanse, dokument og saksførebuing i fylkeskommunen?
 - a. Har fylkeskommunen ein oppdatert arkivplan som oppfyller krava i regelverket, og er denne kjent for dei tilsette?
 - b. Korleis har fylkeskommunen lagt til rette for at saksdokument kan arkiverast og journalførast i tråd med regelverket?
 - c. Har fylkeskommunen rutinar for å sikre at inn- og utgåande dokument vert registrert i samsvar med krav i regelverket? Omfattar ev. system og rutinar for arkivering og journalføring at alle typar inn- og utgåande meldingar, og under dette særleg:
 - i. E-post sendt direkte til eller frå leiar/sakshandsamar
 - ii. Tekstmeldingar (SMS)
 - iii. Telefonsamtalar som har relevans for sakshandsaminga
 - d. Har fylkeskommunen rutinar for å sikre at organinterne dokument vert registrert i samsvar med regelverket?
 - i. Vert desse rutinane følgt?
 - e. Blir arkivarbeid og journalføring utført i tråd med krava i lov og forskrift?
2. I kva grad har fylkeskommunen rutinar som sikrar offentlegheit i saksbehandlinga?
 - a. Kva system og rutinar har fylkeskommunen etablert for at media og innbyggjarar skal få innsyn i samsvar med offentleglova?
 - b. Har fylkeskommunen tilfredsstillande rutinar for handsaming av krav om innsyn i saksdokument, og i kva grad vert rutinane følgt?

- c. Følgjer den offentlege postlista krav i lov- og regelverk?
 - i. Har fylkeskommunen rutinar som sikrar at postlista vert publisert utan unødig opphald?
 - ii. Kva rutinar har fylkeskommunen for skjerming av informasjon i postlista?
 - iii. Er det rutinar for å vurdere førespurnader om innsyn?
 - iv. Vert meiroffentligheitsprinsippet følgt, og vert dokument som er unntatt offentlegheit på postlistene vurdert etter dette prinsippet?
3. I kva grad er dei tilsette og folkevalde i fylkeskommunen tilstrekkeleg kjent med system, rutinar og regelverk for arkivering og offentlegheit?
4. I kva grad utøver fylkeskommunen meiroffentlegheit?
 - a. Korleis praktiserer fylkeskommunen meiroffentlegheit?
 - b. Har fylkeskommunen system og rutinar for annonsering av politiske møte i tråd med lover og regler?
 - c. Har fylkeskommunen rutinar som sikrar at det vert gjennomført tilstrekkelege vurderingar av dokument og munnleg informasjon før ein unntek dokument frå offentlegheit eller lukker møter i folkevalde organ?
 - d. I kva grad vert desse rutinane følgt?

Revisjonskriterium

Aktuelle revisjonskriterium:

- Arkivlova
- Forskrift om offentlege arkiv
- Kommuneleva
- Offentleglova
- Forvaltningslova
- Politiske vedtak
- Andre relevante lov- og regelverk i tillegg til nasjonale føringar

Revisor vert oppmoda om konkretisere problemstillingar og revisjonskriteria. Endelege problemstillingar og revisjonskriterium vert bestemt etter dialog mellom kontrollutvalet, sekretariatet og revisor gjennom handsaming av prosjektplan for oppdraget.

Avgrensing og omfang av prosjektet

Økonomisk ramme: Kontrollutvalet ynskjer ei vurdering av økonomisk omfang ved gjennomføring av denne forvaltningsrevisjonen, og ber om ein plan for dette prosjektet vert utarbeidd innan 14. november 2016, slik at den kan leggast fram for utvalet i møte 22. november.

Utvalet ynskjer ferdigstilling av prosjektet innan 1. mai 2017 for handsaming i kontrollutvalet i løpet av mai og fylkestinget 13. juni 2017.

Stad:.....

Dato: 11.11.2016

Frank Willy Djuvik
Leiar i kontrollutvalet
Sogn og Fjordane fylkeskommune